## Reglar for Bli kjent-fond

Bli kjent-fondet består av avsette midlar for åra 2018 og 2019. Det kan søkast om tilskot på inntil 50 000 kroner pr. tiltak/arrangement. Tildelingsbeløpet vil bli vurdert med bakgrunn i tal på deltakarar og kor mange kommunar som er involverte.

### Fondsstyre og behandling

Søknadane blir behandla av arbeidsutvalet i nye Ålesund kommune i nye Ålesund kommune. Vedtak om tilskot blir gitt skriftleg.

### Målgruppe –kven kan søke

Frivillige lag/organisasjonar og institusjonar i kommunane Sandøy, Haram, Ålesund, Skodje og Ørskog kan søke om tilskot.

### Kva kan det søkast om tilskot til?

Det kan søkast om å få dekt utgifter til gjennomføring av felles aktivitetar og arrangement som inviterer og inkluderer innbyggarane i kommunane Sandøy, Haram, Ålesund, Skodje og Ørskog. Det kan til dømes vere klasseturar, pensjonisttreff, kulturarrangement og idrettsaktivitetar. Tiltaket det kan søkast tilskot til må skje i ein eller fleire av kommunane.

### Krav til søknaden

Søknaden skal innehalde ei beskriving av tiltaket med målsetting, plan for marknadsføring og eit budsjett som viser korleis tilskotet er tenkt brukt. Søkjaren må ha bustad eller tilhøyrsle i ein av kommunane.

### Søknadsfrist

Søknadsfrist er:

- 15. oktober i 2018
- januar 2019
- mai i 2019

### Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt i samsvar med vedtak.

Vedtatt av fellesnemnda 13. september 2018